



# ENDELEG TILSYNSRAPPORT

SKULEN SITT ARBEID MED  
ELEVANE SITT PSYKOSOSIALE MILJØ

Tilsynsdato: 13.03.2013

Møre og Romsdal fylkeskommune  
Ørsta vidaregåande skule

Sak: 2013/612

Dato for rapport: 03.06.2012

Tilsynsgruppe:  
Alv Walgermo og Liv Marie Opstad



Innhald

1. Tema for tilsynet: Skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø.....	3
2. Gjennomføring av tilsynet.....	4
3. Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar.....	4
3.1 Førbyggjande arbeid og internkontroll.....	5
3.2 Det individuelt retta arbeidet ved skulen.....	7
3.3 Brukarmedverknad.....	10
4. Pålegg om endring.....	10
5. Oppfølging av tilsynsresultata.....	11
6. Klage.....	11
Vedlegg 1 Oversyn over innsend dokumentasjon.....	13
Vedlegg 2 Oversyn over dei som er intervjuet.....	14
Vedlegg 3 Rettslege krav.....	15
1. Det førbyggjande arbeidet.....	15
2. Det individretta arbeidet.....	16
3. Brukarmedverknad.....	19



## **1. Tema for tilsynet: Skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø**

Det blir gjennomført felles nasjonalt tilsyn i perioden 2010 - 2013, der temaet er skulen sitt arbeid med elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø, jf. opplæringslova kapittel 9a. Hovudregelen for tilsynet er § 9a-1, og dei andre reglane som er kontrollerte, må sjåast i lys av denne. Tilsynet er likevel avgrensa til berre å gjelde skulen sitt arbeid med det psykososiale miljøet.

Det rettslege utgangspunktet for tilsynet er delt inn i tre hovudkategoriar:

- Det førebyggjande arbeidet ved skulen - § 9a-4, jf. § 9a-3 første ledd.
- Det individuelt retta arbeidet ved skulen - § 9a-3 andre og tredje ledd.
- Skulen si plikt til samhandling og involvering med ulike råd og utval (brukarmedverknad) - §§ 9a-5, 9a-6 og kapittel 11.

### **Opplæringslova § 13-10 om forsvarleg system og § 9a-4 om internkontroll**

Det er ikkje ført særskilt tilsyn med opplæringslova § 13-10 andre ledd i dette tilsynet. Opplæringslova § 13-10 andre ledd er ein overordna regel som pålegg skuleeigar å ha eit forsvarleg system for oppfølging av alle lovkrava. I tidlegare tilsyn har det vore stort fokus på internkontrollsystemet i kommunane. I det felles nasjonale tilsynet 2010-2012 er det internkontrollen ved kvar enkelt skule knytt til elevane sitt psykososiale miljø det blir ført tilsyn med. Kravet til internkontroll i samband med dette er særleg regulert i opplæringslova § 9a-4, jf. § 9a-3 første ledd.

### **Fylkeskommunen sitt ansvar**

Sjølv om opplæringslova legg ansvaret på skuleleiinga for den daglege gjennomføringa og etterlevinga av dei kontrollerte reglane, er det fylkeskommunen som har det overordna ansvaret. Det er fylkeskommunen som skuleeigar som må syte for at skuleleiinga ved kvar skule etterlever krava og pliktene i lova, og at dei tilbyr dei tenestene og aktivitetane som lova omtalar.

Oppfyllinga av elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø skjer på skulen. Det er skuleleiinga og dei tilsette som i det daglege må arbeide for eit godt skulemiljø. Fylkeskommunen som skuleeigar er likevel øvste ansvarlege for at pliktene etter kapittel 9a blir oppfylte. Dette inneber at det er fylkeskommunen som er ansvarleg for oppfylling av elevane sine rettar, sjølv om det tilsynet har undersøkt, har vore handlingar som skjer i skulen. Fylkeskommunen er derfor adressat for eventuelle pålegg om endring i samsvar med kommunelova § 10 d.

### **Føremålet med tilsynet**

Det overordna målet med tilsynet er å rette fokuset mot og styrkje arbeidet med det psykososiale miljøet ved skulane og skulane si evne til å førebyggje og handtere krenkjande åtferd. Gjennom kontroll med om skulane følgjer lovkrava på dette feltet, skal eventuell lovstridig praksis avdekkjast. Gjennom pålegg om endring skal slike forhold rettast opp.

Eit godt skulemiljø er ein viktig innsatsfaktor for ein god skule og for realisering av føremålsparagrafen i § 1-1 i opplæringslova. Manglar ved skulemiljøet kan føre til mistrivsel blant elevane, og det vil kunne ha direkte innverknad på læringsutbyttet deira.



**Dei overordna føremåla med det felles nasjonale tilsynet 2010 - 2012 er å:**

- sikre at skuleeigarar og skuleleiarar driv eit aktivt og førebyggjande arbeid for å sikre elevane eit godt psykososialt miljø
- sikre at skuleeigarar og skuleleiarar syter for at dei tilsette på ein tilfredsstillande måte handterer krenkjande åtferd som dei får kunnskap eller mistanke om
- sikre at skuleeigarar og skuleleiarar syter for at elevar, foreldre, råd og utval blir involverte og engasjerte i skulemiljøarbeidet

**Det blir presisert at tilsynsrapporten ikkje gir ei heilskapsvurdering av skuleeigaren og skulen. Rapporten omhandlar berre resultat knytte til det temaet som er valt for det felles nasjonale tilsynet i 2010 -2013.**

## **2. Gjennomføring av tilsynet**

Etter opplæringslova § 14-1 første ledd har Fylkesmannen heimel til å føre tilsyn med offentlege skular. Fylkesmannen skal ha tilgang til skuleanlegg og dokumentasjon.

Tilsynet har vore utført ved å hente inn og vurdere dokumentasjon, skriftlege utgreiingar og munnlege opplysningar.

Det er skulen som etter lova pliktar å sikre at kvar enkelt elev får oppfylt retten sin til eit godt psykososialt miljø, jf. § 9a-1 og § 9a-3 første ledd. Skulen vil her seie: skuleeigar, skuleleiinga og dei tilsette ved skulen.

### **Gangen i dette tilsynet**

- Varsel om tilsyn, datert 23.01.13, med pålegg om å sende inn utgreiing og dokumentasjon frå Ørsta vgs. 3 vedlegg:
  - Gjennomføring av tilsynet ved Ørsta vgs
  - Mal for utgreiing og dokumentasjon frå skulen
  - Informasjon til elevrådsrepresentantane
- Mottak av dokumentasjon og utgreiing frå Ørsta vgs, datert 25.02.13
- Opningsmøte 14.03.13
- Samtale med elevrådsrepresentantar 14.03.13
- Intervju med spes.ped.koordinator, kontaktlærarar, avdelingsleiarar og rektor 14.03.13
- Samtale med fylkesutdanningssjefen 15.03.13
- Førebels tilsynsrapport: 23.04.13
- Sluttmøte: 30.04.13
- Frist for tilbakemelding på førebels tilsynsrapport: 15.05.13
- Møte med fylkesutdanningssjefen 30.05.13
- Endeleg tilsynsrapport: 03.06.13.
- Frist for klage på endeleg tilsynsrapport: 25. juni 2013
- Frist for eigenerklæring om retting av lovbrøt: 1. september 2013

## **3. Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar**

Det er informert nærare om dei rettslege krava og kva dei inneber i opningsmøtet 14. mars. Dei rettslege krava er tekne med i vedlegg 3 til denne rapporten. Vi viser også til rundskrivet frå Utdanningsdirektoratet om elevane sine rettar til eit godt psykososialt skulemiljø, Udir-2-2010.



### 3.1 Førebyggjande arbeid og internkontroll

For å oppnå eit godt psykososialt miljø er det ein nødvendig føresetnad at det blir drive eit førebyggjande arbeid som skal forhindre uønskt/krenkjande åtferd. Dette inneber at skuleleiinga må ha ei "føre var"-haldning til eventuelle situasjonar og utfordringar som kan oppstå i skulekvardagen, og som kan ha negativ innverknad på elevane sitt skulemiljø.

#### Rettslege krav

Det rettslege utgangspunktet for tilsynet sin kontroll med det førebyggjande arbeidet ved skulen finst i opplæringslova § 9a-4, jf. § 9a-3 første ledd. Skuleeigarar og skuleleiarar skal arbeide førebyggjande for å forhindre at uønskt åtferd oppstår. Det førebyggjande arbeidet skal vere aktivt, systematisk og kontinuerleg. Reglane presiserer plikta skulen har til å sikre at elevane sine rettar etter § 9a-1 blir oppfylte. Sjå også vedlegg 3.

#### Dokumentasjon og vurdering

På opningsmøtet gav rektor ein god informasjon om den yrkesfaglege skulen som har om lag 300 elevar og 80 tilsette. Dei seks ulike studietilboda/programfagområda er fordelt på fire ulike bygg, noko som er ei stor utfordring i høve dette å skape ein heilskapleg skule med godt samarbeid og felles verdisyn. Skulen er no godt i gang med dette arbeidet. Rektor er opptatt av at Ørsta vgs skal vere ein lærande organisasjon med eit godt omdøme. Skulen har laga seg både visjonar og mål og set fokus på gode relasjonar mellom elevane og mellom lærar og elev.

Av dokumentasjon som vedkjem skulen sitt førebyggjande arbeid, fekk vi tilsendt «Elevhandboka», «Reglement for orden og åtferd», utdrag frå «Krisepermen» om mobbing i skulen, «Mal for elevsamtale» og «Resultat av Elevundersøkinga 2011/12». Det følgde ikkje med kommentarar til dokumentasjonen korkje frå rektor eller fylkesutdanningssjefen.

På sjølve tilsynsdagen fekk vi utdelt fleire sentrale dokument som t.d. «VEGVISAR for PEDAGOGISK tilsette 2012-2013» (Vegvisaren), «Hugseliste for dei første skuledagane», «Samspelsreglar i HOB» og avisutklipp frå fagdag på Ørsta vgs 15.01.13: «Korleis kjempe mot rasisme?»

Samla sett utgjer desse dokumenta eit godt grunnlag for å arbeide med skulen sitt førebyggjande arbeid, jf. opplæringslova kap. 9a.

Den nye «Vegvisaren», som vil bli årleg oppdatert, er gjennomgått med dei pedagogisk tilsette og ser ut til å vere eit nyttig dokument. Der er skulen sin visjon og pedagogisk plattform omtalt, mål og tiltaksplan med ansvarsfordeling og køyrereglar for både personale og elevar, arbeid med klasseleiing og tilpassa opplæring/universell utforming av læringsøkta, vurdering, organisering, stillingsinstruksar og ansvar for dei tilsette, aktivitetsplan, reglement i orden og åtferd, mal for informasjonsbrev til heimen og for elevsamtalar, handlingsplan for ein rusfri skule, VIP-programmet om psykisk helse, vegvisar for konferansetimar og for undervisningsevaluering, m.m.

«Elevhandboka», som også er ny av året og vil bli årleg oppdatert, er gjennomgått med elevane ved skulestart. Dokumentet gir viktig informasjon om det å vere elev ved Ørsta vgs; m.a. organiseringa av skulen, praktisk informasjon, forventningar til elevane, vurderingskriterie, reglement for orden og oppførsel og IKT-reglement.

I elevhandboka er krenkande åtferd omtalt under «Formålet med vurdering» :



## Fylkesmannen i Møre og Romsdal

*«Formålet med vurdering i orden og åtferd er å bidra i sosialiseringprosessen til eleven, skape eit godt psykososialt miljø og gi informasjon om eleven sin orden og åtferd».*

Under IKT-reglane (§ 3-4) står det følgjande:

*«Eleven har ikkje lov til å .....utføre aktivitetar som strid mot norske lovar og forskrifter som å framsette truslar, ærekrenkingar eller utøve mobbing, samt formidle pornografisk eller rasistisk materiale.»*

Om generelle reglar for god bruk av digitale ressursar:

*«§ 6-2: Brukaren skal ikkje bruke digitale ressursar på måtar som krenker grenser for sømeleg og anstendig åtferd, eller som er krenkande.*

*§ 6-3: Brukaren skal ikkje bruke digitale ressursar til å framsette truslar og hets, utøve mobbing eller opptre på rasistisk vis.*

*§ 6-4: Brukaren skal på elevnettet og internett opptre ærleg, høfleg og vise respekt for andre personar sitt livssyn, nasjon og rase.»*

Vidare er sanksjonar ved brot på både ordensreglane og IKT-reglane omtalt.

Det fylkeskommunale ordensreglementet blir gjennomgått med elevane kvar haust, og eigne klassereglar/samspelsreglar blir utarbeidd av elevane. Nettmobbing blir også tatt opp og drøfta klassevis. Det kom elles fram gjennom intervju at både «mobbing og krenkande åtferd» er på agendaen, men at det er uklart om alle har den same haldninga til/forståinga av omgrepet.

Gjennom intervju kom det fram at skulen legg vekt på ei god innskulingsveke for elevane ved skulestart, samt «VIP-programmet» kvar haust om psykisk helse. Skulen oppgir å ha mange elevar med sosial angst. I tillegg har skulen mange elevar med spesialundervisning, samt minoritetsspråklege elevar med rett til særskilt norskopplæring. Skulen hadde ein fagdag for elevar og lærarar i januar 2013 om korleis kjempe mot rasisme og framandfrykt. Rektor er opptatt av ein skulekultur der ein «framsnakkar» kvarandre positivt. Gjennom intervju kom det vidare fram at kvar kontaktlærer har basissamtale med sine elevgrupper kvar veke, der ein brukar tid på å snakke om både veka som gjekk og veka som kjem.

Ørsta vgs gjennomfører Elevundersøkinga på Vg1 og Vg2 kvart år. Resultatet frå våren 2012 om trivsel og mobbing ved Ørsta vgs, viser at om lag 95 % av elevane trivst anten svært godt, godt eller litt – 2 % under snittet for alle vidaregåande skular i fylket. Dette gjeld både i høve andre elevar i gruppa, i friminutta og i høve lærarane.

Elevtrivselen kjem også fram i undervisningsevalueringmøta som skulen har. Elles nyttar skulen seg av fylkeskommunen/IT-avdelinga sitt overvakingssystem på Twitter, Facebook, etc. Kontaktlærarane har samtalar med elevane om dette. Skulen har utarbeidd ein mal for dei årlege elevsamtalane, der også trivsel på skulen er eit gjennomgåande tema.

Når det gjeld mobbing, seier om lag 9 % av elevane at dei er jamleg mobba kvar månad/veke - mot 5 % av snittet for alle vidaregåande skular i fylket. 4 % av desse elevane oppgir å bli mobba fleire gongar i veka og er tal som må takast på alvor. Ut frå dette bør både trivsels- og mobbeproblematikken takast opp som tema og drøftast både i lærarkollegiet, blant elevane, foreldra og i ulike råd og utval.

I følgje fylkeskommunen sitt ordensreglement, som er tatt inn i «Vegvisaren», skal skulane leggje fram resultatet av den årlege elevundersøkinga til behandling i råd og utval. Dette er ikkje gjort. Gjennom intervju kom det fram at resultatata blir drøfta på nokre studietilbod – både i fellesmøte, i teammøte og i klassa. Fylkesmannen fekk også eksempel på at evaluering av resultatet etter drøfting med elevane har ført til endring av



praksis. Medan andre gir uttrykk for at resultatane kjem for seint til at dei blir følgt opp av skulen, då mange av elevane ikkje lenger er der om hausten. - Frå 2013 vil Utdanningsdirektoratet leggje den obligatoriske gjennomføringa av Elevundersøkinga til hausten i staden for våren.

«Krisepermen» er eit innkjøpt dokument frå Personalomsorg: «Omsorg i skolen», som m.a. inneheld reglar/prosedyrar for mistanke om eller melding om mobbing, inkl. tiltaks- og ansvarskjede. Permen har vore under utvikling og er gjennomgått med det pedagogiske personalet.

Skulen ønskjer å gi alle elevane ei god og tilpassa opplæring. Det kom fram gjennom intervju at det er eit godt internt samarbeid mellom skuleleiinga, rådgivar/sosialpedagogisk- og spesialpedagogisk koordinator, samt lærarane. Sidan lærarane er spreidde på ulike bygningar, er det heller liten kontakt mellom dei ulike avdelingane. Rektor samlar derfor heile personalet til felles informasjon kvar 3. veke, samt at det no blir halde felles kontakt-lærarmøte. Rektor og kontaktlærarane underskriv informasjonsbrevet til foreldra om foreldresamarbeid kvar haust, og held foreldremøte rett etter skulestart der både rektor og avdelingsleiar er med.

Skulen har også eit godt eksternt samarbeid med aktuelle ungdomsskular, helsesøster, PPT, BUP, oppfølgingstenesta og kommunal psykisk helseteneste. Skuleleiinga har tett dialog med politiet med omsyn til tema som rus og narkotika. Rektor er elles med i Ressursteamet ved skulen, er initiativtakar til sosiale tiltak, deltek i «Open dag» ved skulen for ungdomsskuleelevar og foreldra deira og har elles ei «opa dør».

Gjennom dokumentasjon og intervju/samtale har Fylkesmannen fått verifisert at skulen oppfyller krava til førebyggjande arbeid når det gjeld elevane sitt psykososiale skulemiljø.

### **Fylkesmannen sin konklusjon**

Møre og Romsdal fylkeskommune ved Ørsta vgs oppfyller krava i opplæringslova § 9a-4, jf. § 9a-3 første ledd, om ein internkontroll som sikrar eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje elevane si helse, trivsel og læring.

### **3.2 Det individuelt retta arbeidet ved skulen**

Det førebyggjande arbeidet må sjåast i samanheng med det individuelt retta arbeidet ved skulen. Det er viktig for oppfyljinga av krava i opplæringslova at dei førebyggjande tiltaka som blir planlagde, blir etterlevde i praksis.

Skulen si plikt til å gripe inn når det oppstår forhold som er krenkjande for éin eller fleire elevar, følgjer hovudsakleg av § 9a-3, andre og tredje ledd. Opplæringslova stiller opp særskilte plikter for skulen knytte til det psykososiale miljøet og gir eleven/foreldra særskilte rettar knytte til saksbehandlinga ved skulen. Ved å kontrollere korleis skulane etterlever dei konkrete pliktene i § 9a-3 andre og tredje ledd, vil tilsynet kunne medverke til å sikre at skulane i praksis arbeider for å fremje elevane si helse, trivsel og læring.

#### **Rettslege krav**

Skuleeigar, skulen, rektor og alle tilsette pliktar å sikre elevane sine individuelle rettar etter § 9a-1 gjennom individuelt retta arbeid. Det individretta arbeidet ved skulen er regulert i § 9a-3 andre og tredje ledd i opplæringslova. Reglane presiserer at alle som er tilsette ved skulen, har ei handlingsplikt som inneber plikt til å gjere undersøkingar, plikt



til å varsle rektor og plikt til å gripe inn når det er nødvendig og mogleg. Vidare blir skulen pålagt å behandle oppmodingar frå elevar eller foreldre som gjeld det psykososiale miljøet, etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Sjå også vedlegg 3.

## **Dokumentasjon og vurdering**

### **Skulen si handlingsplikt etter § 9a-3 andre ledd**

Det kjem fram av intervju at dei tilsette er kjende med handlingsplikta si. Ein av dei nyttilsette ved skulen vart også spurt om dette under jobbintervju. Handlingsplikta gjeld for alle med tilsettingsforhold. Ved kjøp av teneste, t.d. av reinhald og vaktmeister, men også av pedagogisk personale, bør derfor skulen sikre eigen avtale om at handlingsplikta gjeld også for dei.

Vidare kom det fram at «krisepermen» sine reglar med tiltaks- og ansvarskjede blir følgde når det gjeld mobbing. Fylkesmannen fekk forståing av at når mobbesaker oppstår, blir dei tatt hand om med ein gong og søkt løyst på lågast mogleg nivå. Mistanke fører til undersøking. Mobbing på Facebook blir også tatt opp med ein gong. Skuleleiinga blir varsla dersom saker ikkje blir løyst på lågare nivå, og ved alvorlege saker blir rektor kontakta direkte.

På bakgrunn av dette, vurderer Fylkesmannen at skulen oppfyller minstekravet til handlingsplikta etter kap. 9a-3 tredje ledd.

### **Skulen si vedtaksplikt etter § 9a-3 tredje ledd**

Resultat frå Elevundersøkinga våren 2012 viser at det er ein del mobbing ved Ørsta vgs. Skulen kan likevel ikkje vise til eksempel på enkeltvedtak i medhald av kap. 9a i opplæringslova – og har heller ikkje utarbeidd malar for slike enkeltvedtak.

Gjennom intervju blir det sagt at saker blir løyst snarast råd på lågast mogleg nivå, og at ein ikkje kjenner til om det er blitt gjort enkeltvedtak på dette området. Det kan synest som om lærarane ikkje er godt nok kjende med korleis skuleleiinga følgjer opp evt. varslingar og om det blir fatta enkeltvedtak ved oppmodingar frå elevar/foreldre. Fylkesmannen meiner derfor å ha avdekt at skulen ser ut til å ha liten kunnskap om retten til å fatte enkeltvedtak i 9a-saker og til den informasjonsplikta skulen har som følgje av § 11 i forvaltningslova. Dette sannsynleggjer at eventuelle saker som utløyser vedtaksplikta, ikkje blir handsama etter regelverket.

Det kjem heller ikkje fram - korkje gjennom skriftleg dokumentasjon eller samtale/intervju - at elevar og foreldre er blitt informert om retten dei har til å be om enkelttiltak og til å klage ved brot på eleven sin rett til eit godt skulemiljø. Utdanningsdirektoratet si brosjyre til elevar og foreldre om kap. 9a - elevane sitt skulemiljø, ser heller ikkje ut til å vere kjend.

Skulen har årleg møte med foreldra om ordensreglementet, rettane og pliktene til elevane. Likevel er vi usikre på om eleven sin rett til eit godt skulemiljø har vore eige tema, sjølv om «trivsel» er nemnd som stikkord i «Vegvisaren for konferansetimar 2012». Foreldra har tilgang til «Skulearena» på nettet, og eit generelt informasjonsskriv om skulen og foreldresamarbeid blir sendt foreldra kvar haust, men ingen informasjon om eleven sin rett til eit godt skulemiljø. Gjennom intervju kjem det fram at skulen vedkjenn at dei kan arbeide meir aktivt med dette tema, inkl. informasjon om retten til å be om enkeltvedtak og retten til å klage.



På denne bakgrunn fann Fylkesmannen i den førebelse tilsynsrapporten det sannsynleggjort at skulen si vedtaksplikt etter kap 9a er brote på grunn av manglande informasjonsplikt etter forvaltningslova § 11. – Likevel, ut frå skulen si tilbakemelding på den førebelse tilsynsrapporten, har vi no endra litt på dette, sjå punkt c) nedanfor.

## **Fylkesmannen sin konklusjon**

### **Opplæringslova § 9a-3 andre ledd**

Møre og Romsdal fylkeskommune ved Ørsta vidaregåande skule oppfyller handlingsplikta etter § 9a-3 andre ledd om å undersøkje, varsle og evt. gripe inn ved mistanke om krenkjande åtferd av ein eller fleire elevar.

### **Opplæringslova § 9a-3 tredje ledd**

I den førebelse tilsynsrapporten skreiv Fylkesmannen at det ikkje er sannsynleggjort at Møre og Romsdal fylkeskommune ved Ørsta vidaregåande skule oppfyller vedtaksplikta si etter opplæringslova § 9a-3 tredje ledd, dersom det kjem oppmodingar frå elevar eller foreldre som utløyser denne plikta. Med bakgrunn i dette er det i den førebelse tilsynsrapporten fatta pålegg om endring i kap. 4 – med 3 korreksjonspunkt (a, b og c).

Fylkesmannen mottok tilbakemelding på innhaldet i den førebelse tilsynsrapporten frå Ørsta vgs den 15.05.2013. Tilbakemeldinga gjaldt dei to siste korreksjonspunkta –b og c.

**Punkt b)** gjeld skulen si plikt til å informere elevane og foreldra om retten til å be om enkeltvedtak og om retten til å klage.

- Rektor meiner dette er gjort i dei årlege informasjonsmøta skulen har med alle elevar og foreldra ved skulestart kvar haust.
- Fylkesmannen er samd i at skulen gjennomfører informasjonsmøte om korleis det er å vere elev ved Ørsta vgs, om reglar og ordensreglement og om enkeltvedtak og klage på spesialundervisning, m.m. Men vi kan ikkje sjå nokon stad – heller ikkje i rektor si utgreiing - at det er sett særleg fokus på opplæringslova 9a-3, der både eleven sjølv og føresette kan be om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet ved skulen og om retten til å klage på slike enkeltvedtak.
- Med bakgrunn i dette opprettheld derfor Fylkesmannen korreksjonspunkt b).

**Punkt c)** gjeld skulen si plikt til å fatte enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova dersom det kjem oppmodingar om dette frå elevar og/eller foreldre.

- I følgje rektor si tilbakemelding på den førebelse tilsynsrapporten, har skulen til no løyst alle aktuelle hendingar som har oppstått gjennom samtalar med elevar og føresette. Rektor meiner at det i desse møta ikkje har vore oppmodingar frå korkje elev eller føresett som skulle resultere i at skulen skal fatte enkeltvedtak. Rektor si vurdering som skuleleiar er derfor at det ikkje skulle ha vore fatta noko enkeltvedtak etter forvaltningslova.
- Fylkesmannen er framleis noko tvilande, men finn ikkje å kunne motseie rektor på dette punktet. Det at det ikkje ligg føre noko enkeltvedtak, treng nødvendigvis ikkje å bety at det skulle ha vore fatta slike vedtak. Men med bakgrunn i relativt høge mobbetal i følgje Elevundersøkinga er det noko underleg at ein såpass stor skule gjennom mange år aldri har fatta enkeltvedtak i slike saker.
- Likevel – med bakgrunn i rektor si tilbakemelding – gir ikkje Fylkesmannen pålegg på dette området.



### 3.3 Brukarmedverknad

Opplæringslova inneheld krav om at elevane og foreldre skal givast høve til å involvere og engasjere seg i arbeidet for eit godt psykososialt miljø ved skulen. Eit av verkemidla frå lovgivar for å sikre brukarmedverknad, har vore å stille krav til oppretting av ulike råd og utval og å gi desse råda og utvala høve til å uttale seg før endelege avgjerder blir tekne.

Brukarmedverknad er ikkje ein statisk tilstand som kan oppnåast ein gong for alle i skulen, det er i tvert imot noko det må arbeidast kontinuerleg med. Tilhøyrsløse i eit sosialt og fagleg fellesskap gjennom verdiar og verkemiddel som verdsettning, aktiv deltaking og medverknad er noko som må gå føre seg kontinuerleg i kvardagen.

Det er "skulen" som skal syte for at elevane blir engasjerte i skulemiljøarbeidet. Skulen i denne samanhengen vil seie skuleleiinga. Dersom det ikkje er tilrettelagt for at elevane eller dei føresette blir involverte og engasjerte i skulemiljøarbeidet, er det skuleeigar som blir gjort ansvarleg.

#### Rettslege krav

§ 9a-5 slår fast at elevane skal engasjerast i det systematiske skulemiljøarbeidet, både i planlegginga og i gjennomføringa av det. Elles er det gitt reglar for ulike organ for brukarmedverknad både i § 9a-6 og i kapittel 11. Det går m.a. fram at råda og utvala skal givast relevant informasjon og *reelt* høve til å uttale seg. Rutinar for å sikre informasjon og varsling til dei ulike råda og utvala må innarbeidast i internkontrollen ved skulen etter § 9a-4. Sjå også vedlegg 3.

#### Dokumentasjon og vurdering

I følgje skulen har det tidvis vore vanskeleg å engasjere elevane. Nytt elevråd er no vald, og ser ut til å fungere godt. Det er ikkje oppretta kontaktlærar for elevrådet ved Ørsta vgs, men rektor møter dersom han blir innkalla. Fylkesmannen har mottatt referat frå fleire møte, men med få saker som gjeld det psykososiale miljøet. Elevrådet ved skulen har elles fått kjennskap til opplæringslova kap 9a gjennom Elevorganisasjonen i fylket, som held årlege seminar for elevråda i Møre og Romsdal. Elevrådet har ikkje delteke i noko skuleutvalsmøte, og kjende ikkje til skulemiljøutvalet.

I følgje fylkeskommunen sitt ordensreglement skal det vere oppretta både elevråd, skuleutval (SU) og skulemiljøutval (SMU) ved alle vidaregåande skular i fylket. Om skulemiljøutvalet står det følgjande:

*«Alle skolane skal ha eit skulemiljøutval for å ivareta elevane sin rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring - og elevane skal engasjerast i planlegginga og gjennomføringa av det systematiske arbeidet for helse, miljø og tryggleik ved skolen. Skulemiljøutvalet kan sjølv vere skulemiljøutval dersom elevane er i fleirtal.»*

Gjennom intervju fekk vi greie på at det er oppretta skuleutval (SU) ved Ørsta vgs for fleire år sidan, men at utvalet ikkje har vore i bruk dei siste åra. Skuleutvalet er likevel nemnd i den nye «Vegvisaren». Skulemiljøutval (SMU) har derimot ikkje vore oppretta og er heller ikkje nemnd i «Vegvisaren». Det er viktig at både SU og SMU er/blir oppretta med rett representasjon og at det blir halde jamlege møte gjennom heile skuleåret.

Opplæringslova kap. 11 omhandlar «Brukarorgan for skulen». § 11-5 tar for seg «Skuleutval ved vidaregåande skular», § 11-5a «Skulemiljøutval ved vidaregåande skular» og § 11-6 «Elevråd og allmøte ved vidaregåande skular».

Forutan elevrådet er ingen av dei andre råda/utvala i funksjon - med rett representasjon og med jamlege møte gjennom heile skuleåret. Skulen si plikt til brukarmedverknad frå råd og utval er dermed brote.



## Fylkesmannen sin konklusjon

### Opplæringslova § 9a-5

Det er dokumentert gjennom innsend informasjon, intervju og samtalar at Møre og Romsdal fylkeskommune ved Ørsta vgs oppfyller minstekrava i opplæringslova § 9a-5 om at elevane skal engasjerast i det systematiske skulemiljøarbeidet.

### Opplæringslova § 9a-6 og kap 11

M&R fylkeskommune ved Ørsta vgs oppfyller ikkje krava i opplæringslova § 9a-6 og kap. 11 om brukarmedverknad.

## 4. Pålegg om endring

Tilsynet har avdekt to lovstridige forhold. Med bakgrunn i dette gir Fylkesmannen slikt pålegg:

### **Det individuelt retta arbeidet ved skulen, jf. opplæringslova § 9a-3 tredje ledd:**

1. Møre og Romsdal fylkeskommune skal sjå til at Ørsta vidaregåande skule behandlar oppmodingar om tiltak om å gjere enkeltvedtak etter reglane om dette i forvaltningslova. Fylkeskommunen må i denne samanhengen sikre at Ørsta vgs:
  - a. gjer dei tilsette kjende med at skulen har ein informasjonsplikt overfor elevar/foreldre når det gjeld deira rett til å be om enkeltvedtak og til å klage
  - b. informerer elevane og foreldra om retten til å be om enkeltvedtak og om retten til å klage.

### **Brukarmedverknad, jf. opplæringslova §§ 9a5 og 9a-6 og kapittel 11**

2. Møre og Romsdal fylkeskommune skal sjå til at Ørsta vidaregåande skule involverer og engasjerer elevar og foreldre i skulemiljøarbeidet. Fylkeskommunen må i denne samanhengen sikre at Ørsta vgs opprettar eit
  - a. skuleutval – med lovleg samansett representasjon, jf. § 11-5
  - b. skulemiljøutval – med lovleg samansett representasjon, jf. § 11-5a

## 5. Oppfølging av tilsynsresultata – krav om eigenerklæring om at lovbrota er retta

Tiltak for å rette lovbrøt skal setjast i verk med det same. M&R fylkeskommune skal gi ei skriftleg erklæring om at lovbrota er retta og dokumentere at det er utarbeid tiltak i samsvar med pålegga. Frist for innsending av slik erklæring er **1. september 2013**.

## 6. Klage

Den endelege tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b, og kan klagast på til Utdanningsdirektoratet. Ei eventuell klage skal sendast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal **innan tre veker** frå det tidspunktet underretning om det endelege vedtaket er komen fram til fylkeskommunen som skuleeigar, jf. forvaltningslova (fvl) §§ 28 og 29. Sjå fvl § 32 om utforming av klage.



## Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Med helsing

Alv Walgermo (e.f.)  
-utdanningsdirektør-

Liv Marie Opstad  
-seniorrådgivar-

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur*

Vedlegg:

1. Oversyn over innsend dokumentasjon
2. Oversyn over dei som er intervjuet og ført samtale med
3. Rettslege krav



## Vedlegg 1 Oversyn over dokumentasjon frå Ørsta vgs

Innsendt dokumentasjon, 01.03.2013:

- Ørsta vgs si elevhandbok
- Utdrag av resultat frå Elevundersøkelsen 2011/12
- Resultat av evalueringa om 45/60 min. økter
- Utdrag frå «krisepermen» om mobbing i skule
- Ordens- og åtferdsreglement frå M&R fylkeskommune
- Ordensreglar ved Ørsta vgs
- Korleis arbeide på systemnivå?
- Mal for elevsamtale 1. termin
- Mal for fræver/bekymringsmelding
- Mal for individuell oppfølging av einskildelev
- Mal for elevsamtale ved ureglementerte forhold
- 3 referat frå styremøte i elevråd 2011-2012
- 3 referat frå elevrådsmøte 2011-2012

Dokumentasjon som Fylkesmannen har framskaffa før tilsynet:

- Organisasjonskart av Ørsta vgs
- Tiltaksplan 2011-2012 Ørsta vgs
- Resultat frå Elevundersøkelsen vår 2012 for Møre og Romsdal, M&R fylkeskommune og Ørsta vgs

Dokumentasjon som vart utdelt på møtet 14.03.2013

- Organisasjonskart Ørsta vgs
- Elevhandboka
- Vegvisar for pedagogisk tilsette ved Ørsta vgs
- Rapport frå ekstern vurdering ved Ørsta vgs
- Tilpassa opplæring på veg mot yrkeslivet
- Krisepermen – innhaldsliste
- Melding om vedtak om rett til særskilt norskopplæring skoleåret 2012/13
- Hugseliste for dei første skuledagane
- Samspelsreglar i HOB
- Jakten på 2-aren / Pedagogiske verktøy
- Klasseleiing / Dysleksivennleg skule
- Tilbod til elevar som står i fare for å få karakteren ikkje bestått i matematikk
- 2 referat frå elevrådsstyremøte og 1 referat frå elevrådsmøte 2013
- Avisutklipp frå fagdag på Ørsta vgs januar 2013: «Korleis kjempe mot rasime?»

Tilbakemelding på e-post 15.05.13 frå rektor Roger A. Fylling på førebels tilsynsrapport



## Vedlegg 2

### Oversyn over dei som er intervjua

- Ann-Mari Myklebust, spes.ped.koordinator og lærar helse/sosialfag
- Hilde Aaslid, kontaktlærer estetiske fag
- Dag Kjetil Nordal, kontaktlærarar elektrofag
- Anne Kathrin G. Sætre, avdelingsleiar estetiske fag
- Eldar Lund, avdelingsleiar industrifag
- Roger A. Fylling, rektor

### Oversyn over dei det er ført samtalar med

- 2 elevrådsrepresentantar
- Sverre Hollen, fylkesutdanningssjef



## Vedlegg 3      Rettslege krav

### 1      Det førebyggjande arbeidet

#### **§ 9a-4, Systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane (internkontroll)**

Skolen skal aktivt drive eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av dette kapitlet blir oppfylte. Skoleleiinga har ansvaret for den daglege gjennomføringa av dette. Arbeidet skal gjelde det fysiske så vel som det psykososiale miljøet.

#### **§ 9a-3 første ledd – Det psykososiale miljøet**

Skolen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør.

Det systematiske skulemiljøarbeidet skal sikre at elevane sin rett blir oppfylt ved at skulen arbeider kontinuerleg og systematisk for eit godt skulemiljø. Det avgjerande er at skulemiljøarbeidet er eigna til å sikre elevane eit godt psykososialt miljø og at brot på retten til eit godt miljø blir oppdaga og handtert på ein effektiv måte.

Føremålet med skulen sine plikter etter § 9a-4 er å sikre at uønskt/krenkjande åtferd blir oppdaga og teke hand om tidleg. Dette vil seie at skulen må ha rutinar for å kartleggje skulemiljøet og den enkelte eleven si oppleving av det psykososiale miljøet.

Ein naudsynt føresetnad for det systemretta arbeidet er at skulen overfører krava i kapittel 9a til konkrete mål og handlingar. Skulen må ha planar og rutinar for korleis elevane sin rett skal oppfyllest.

Skulen blir i § 9a-4 pålagd å arbeide aktivt, systematisk og kontinuerleg slik at krava i kapittel 9a blir oppfylde. Dette inneber at skulen skal arbeide etter eit "føre var"-prinsipp, og førebyggje brot på eleven sin rett etter § 9a-1. Skulen kan ikkje vere passiv og avvente at ein situasjon oppstår, som til dømes at læraren faktisk ser mobbing eller at nokon klagar på forholda. Med kontinuerleg meiner ein at det systematiske arbeidet må vere gjennomgåande i skulen sitt arbeid, og ikkje berre noko som blir gjort når det oppstår ubehagelege situasjonar eller ved oppstart av kvart skuleår. Arbeidet skal drivast heile tida, gjennom heile skuleåret. Eit anti-mobbeprogram eller ein perm med internkontrollrutinar som står i ei hylle, er ikkje tilstrekkeleg for å oppfylle kravet til systematisk arbeid.

Det systematiske arbeidet skal vere gjennomtenkt og planmessig. Planane og rutinane må vere innarbeidde og må følgjast av personalet når det blir arbeidd med saker som omhandlar det psykososiale miljøet til elevane.

Skuleleiinga ved rektor har ansvaret for at det systematiske arbeidet er aktivt, systematisk og planmessig.

#### **Skulen må for å oppfylle kravet til internkontroll:**

- Setje seg konkrete mål for skulemiljøet og skulemiljøarbeidet
- Arbeide systematisk og planmessig for å nå måla og førebyggje problem



- Ha rutinar for å følgje med på skulemiljøet og den enkelte eleven si oppleving av det, medrekna rutinar for å avdekkje og handtere problem når dei dukkar opp og kontrollere at rutinane blir følgde

Skulen må kunne dokumentere at dei har eit system for internkontroll. Internkontroll inneber å overføre krava i lov og forskrift til konkrete mål for skulemiljøet, kartleggje utfordringar, planleggje og setje i verk tiltak for å nå måla. Skulen må dokumentere at dette er etablert, og at det faktisk blir følgd opp.

I tillegg til det som blir dokumentert skriftleg, må skulen kunne vise at:

- internkontrollen dekkjer alle reglane i kapittel 9a
- kvar tilsett utfører pliktene dei har etter lova og kjenner til interne mål, rutinar/planar
- dei tilsette har tilstrekkeleg kompetanse om skulemiljøarbeid og handtering av utfordringar og hendingar som gjeld skulemiljøet
- skulen har tiltak for å fremje skulemiljøet og førebyggje, avdekkje og handtere krenkingar
- tiltaka blir sette i verk og planar og rutinar blir følgde i praksis
- leiinga er aktivt med i arbeidet med internkontroll/skulemiljø.

I det systematiske arbeidet med det psykososiale miljøet må også andre reglar i opplæringslova dragast inn. For det fyrste må skulen kartleggje krava til brukarorgan i kapittel 11. Eit sentralt organ i det systematiske arbeidet er skulemiljøutvalet.

Ordensreglementet ved skulen er eit sentralt verkemiddel i arbeidet med skulemiljøet, og skulen må sjå til at dette er integrert i skulemiljøarbeidet/internkontrollen. Eit system for skulemiljøet som ikkje blir sett i samanheng med ordensreglement, er ikkje heilskapleg nok. I tillegg må skulen også trekkje inn vurdering i orden og i oppførsel etter forskrift til opplæringslova § 3-5.

## 2 Det individretta arbeidet

Skuleeigar, skulen, rektor og alle tilsette pliktar å sikre elevane sin individuelle rett etter § 9a-1 gjennom individuelt retta arbeid. Det individretta arbeidet ved skulen er regulert i § 9a-3 andre og tredje ledd i opplæringslova.

- Handlingsplikta etter § 9a-3 andre ledd
- Plikta til å behandle oppmodingar om tiltak frå elevar/foreldre som enkeltvedtak etter § 9a-3 tredje ledd

### Handlingsplikta

#### **§ 9a-3 andre ledd – plikta til å undersøkje, varsle og gripe inn**

Dersom nokon som er tilsett ved skolen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle skoleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn.



Regelen slår fast at alle som er tilsette ved skulen, har ei handlingsplikt som inneber

- plikt til å gjere undersøkingar,
- plikt til å varsle rektor og
- plikt til å gripe inn når det er naudsynt og mogleg.

Handlingsplikta gjeld for alle som er tilsette ved skulen ved at dei har eit tilsetjingsforhold /ein arbeidsavtale med skuleeigar. I førearbeida til lova<sup>1</sup> er det sagt at "tilsette" i praksis ofte vil vere lærarar og miljøarbeidarar, men at plikta også gjeld anna personale. I tillegg til undervisningspersonalet på skulen kan dette til dømes vere vaktmeister, assistentar, kontor- og reingjeringspersonale.

Den tilsette si handlingsplikt tek til å gjelde når ho/han får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar. "Kunnskap om" vil seie at den tilsette faktisk veit at ein elev blir utsett for uakseptabel åtferd frå elevar, lærarar eller andre ved skulen. Dette kan vere hendingar som den tilsette sjølv er vitne til eller blir fortald om. Ein del av handlingsplikta er plikta til å undersøkje om eleven faktisk har blitt utsett for krenkjande ord eller handlingar, og få klargjort kva som faktisk har skjedd. Handlingsplikta gjeld også dersom den tilsette får ein mistanke om at ein elev er utsett for ord og handlingar. Det er altså ikkje naudsynt med faktisk kunnskap for at handlingsplikta gjeld.

Den tilsette må, når ho/han får kunnskap eller mistanke om krenkjande åtferd, vurdere kva som blir neste steg. Skuleleiinga skal varslast, og i nokre tilfelle har den tilsette plikt til å gripe inn. Dette må vurderast konkret i den enkelte situasjonen. I akutte situasjonar, til dømes når elevar slåss eller ein overhøyrer krenkjande ord til ein elev, er det naturleg å gripe inn straks og undersøkje nærare i etterkant kva som faktisk skjedd.

Det følgjer av § 9a-3 andre ledd at etter at den tilsette har undersøkt saka og kome til at dette er forhold som bør følgjast opp, skal skuleleiinga informerast. Skuleleiinga pliktar å sikre at alle saker dei blir varsla om òg blir følgde opp. Tilsette som varslar etter § 9a-3 andre ledd skal takast på alvor. Skulen, ved rektor, pliktar å undersøkje saka ytterlegare dersom det er behov for dette, og setje i verk eigne tiltak.

Skulen med alle sine tilsette må ha *ei felles forståing av når det skal varslast*, og korleis varslinga skal skje. På same måte må alle ved skulen ha eit avklart forhold til terskelen for å gripe inn. Desse avklaringane og rutinar for dette må innarbeidast i internkontrollen etter § 9a-4.

Det er ikkje noko krav i § 9a-3 andre ledd om at skulen skal gjere eit enkeltvedtak når det blir sett i verk tiltak etter eige initiativ. Dette skil seg frå når ein elev eller forelder ber om tiltak, jf. § 9a-3 tredje ledd. At det ikkje må gjerast enkeltvedtak tek likevel ikkje frå skulen ansvaret for å følgje opp saka på føremålstenleg vis.

I nokre tilfelle vil tiltaka skulen set i verk, likevel krevje at det blir gjort enkeltvedtak. For enkelte tiltak er det fastsett eksplisitt i opplæringslova eller forskrift til opplæringslova at avgjerda er eit enkeltvedtak. Døme på dette er bortvising etter opplæringslova § 2-10 og skulebyte etter opplæringslova § 8-1 tredje ledd. Elles er definisjonen av enkeltvedtak i forvaltningslova § 2 sett opp imot karakteren av tiltaket som er avgjerande for om reglane om enkeltvedtak skal brukast. Samstundes har skulen eit visst handlingsrom knytt til ordensmessige og opplæringsmessige tiltak. Dette er mindre inngripande tiltak som blir gjorde for å gjennomføre opplæringa.

Det skriftlege, som enkeltvedtaksforma gjev, er viktig for skulen si dokumentering av at dei har gripe inn og prøvd å sikra eleven sin rett etter § 9a-1.

---

<sup>1</sup> Sjå Ot. prp. nr. 72 (2001-2002).



Plikta til å behandle oppmodingar om tiltak frå elevar/foreldre

**§ 9a-3 tredje ledd – Eleven/ foreldra sin rett til å be om tiltak og saksbehandlinga ved skulen**

Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak.

Skulen er pålagt gjennom § 9a-3 tredje ledd å behandle oppmodingar frå elevar eller foreldre som gjeld det psykososiale miljøet etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Dersom det ligg føre ei slik oppmoding, må skulen snarast råd ta stilling til om eleven sin rett er oppfylt, og eventuelt kva tiltak som skal setjast i verk. Det blir streka under at skulen alltid skal gjere eit enkeltvedtak når elevar/foreldre oppmodar om tiltak som gjeld det psykososiale miljøet. Skulen har altså ei vedtaksplikt. Dersom skulen ikkje oppfyller plikta til å gjere enkeltvedtak i saka, kan foreldra/eleven likevel klage som om det var gjort enkeltvedtak.

Oppmodingar frå elevar og foreldre treng ikkje vere skriftlege. Skulen må også ta stilling til munnlege førespurnader. Skulen kan ikkje avvise ei oppmoding fordi ho ikkje er skriftleg eller unnlèt å oppgje kva tiltak eleven/foreldra ynskjer. Skulen kan heller ikkje krevje at eleven/foreldra må levere ei skriftleg oppmoding. Dersom skulen er i tvil om ei oppmoding frå eleven/foreldra er ei oppmoding etter § 9a-3 tredje ledd, må skulen avklare dette. Skulen har ei rettleiingsplikt etter forvaltningslova § 11. Ein del av dette vil vere å informere eleven/foreldra om rettane etter kapittel 9a og klarleggje om ei oppmoding frå ein elev eller foreldre om det psykososiale miljøet er ei oppmoding om tiltak. Den som tek imot førespurnaden, pliktar også å informere om retten til å be om tiltak og klageretten etter § 9a-3 tredje ledd. Alle oppmodingar, også munnlege, skal takast på alvor og utgreiast. Dette er ein del av skulen si utgreiingsplikt etter forvaltningslova § 17.

Oppmodinga skal normalt rettast til skuleleiinga ved rektor, men oppmodingar kan også rettast til lærarar og andre tilsette. Dersom oppmodinga blir retta til ein lærar, må han/ho vurdere kva oppmodinga gjeld og om dette er noko som kan og bør løysast innanfor klassen. Læraren si vurdering vil vere viktig når det skal avgjerast kva tiltak som eventuelt skal inn i enkeltvedtaket.

Uansett om oppmodinga kan løysast innanfor klassen, skal denne bringast vidare til skuleleiinga. Ei oppmoding frå elevar/foreldre skal aldri stoppast på klassenivå. Dette har samband med kravet i § 9a-3 tredje ledd fyrste punktum om at alle tilfelle der det blir bede om tiltak knytte til det psykososiale miljøet, skal behandlast som enkeltvedtak etter forvaltningslova.

Regelen slår også fast at saka skal behandlast "snarast mogleg", og dersom det ikkje er gjort eit enkeltvedtak etter forvaltningslova "innan rimeleg tid", kan eleven/foreldra klage som om skulen hadde gjort eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Ei klage skal alltid sendast til det forvaltningsorganet som har eller skulle ha gjort enkeltvedtak i saka i fyrste instans. Det vil seie at klaga skal sendast til skulen. Fylkesmannen er klageinstans, men før klageinstansen kan ta saka til behandling, må skulen eller skuleeigar sjå på saka på nytt, og eventuelt førebu saka for fylkesmannen, jf. forvaltningslova § 33.



Elles inneheld ikkje opplæringslova kapittel 9a krav til saksbehandlinga. Saksbehandlingsreglane i forvaltningslova gjeld for saker etter § 9a-3. Dersom skulen ikkje behandlar noko som var meint som ei oppmoding, er dette alvorleg og kan få konsekvensar, m.a. anna etter strafferegelen i §9a-7.

### 3 Brukarmedverknad

Elevane skal engasjerast i det systematiske skulemiljøarbeidet, både planlegginga og gjennomføringa av det, jf. § 9a-5. Første ledd i denne lyder:

#### **§ 9a-5 første ledd – Elevdeltaking i skulemiljøarbeidet**

Elevane skal engasjerast i planlegginga og gjennomføringa av det systematiske arbeidet for helse, miljø og tryggleik ved skolen. Skolen skal leggje oppgåver til rette for elevane etter kva som er naturleg for dei enkelte årstrinna.

Dette inneber at elevane skal takast med i skulen sitt arbeid med å oppfylle krava i kapittel 9a. Dette kan til dømes vere deltaking når skulen lagar ordensreglement, deltaking i gjennomføring av gjennomføre enkle målingar, osv. Det er skuleleiar sitt ansvar at elevane blir tekne med i skulemiljøarbeidet.

I førearbeida er det vist til at det er viktig i seg sjølv at elevane kan få oppleve å bli høyrde, og for skulen vil det vere lettare å planleggje og å gjennomføre tiltak i samarbeid med elevane og dei føresette. Elevane si deltaking i skulemiljøarbeidet skal vere sikra i internkontrollsystemet ved skulen etter § 9a-4.

I lova § 9a-6 og kapittel 11 er ulike organ for brukarmedverknad regulerte. Dei råda og utvala opplæringslova stiller krav til at skulane skal opprette, er:

- Elevråd – jf. § 11-2/11-6
- Foreldreråd og FAU – jf. § 11-4
- Samarbeidsutval/skuleutval – jf. § 11-1
- Skulemiljøutval – jf. § 11-1a

Råda og utvala skal gjevast relevant informasjon og ein *reell* sjanse til å uttale seg, jf. § 9a-6.

#### **§ 9a-6 - Informasjonsplikt og uttalerett**

Samarbeidsutvalet, skoleutvalet, skulemiljøutvalet og dessutan elevrådet og foreldrerådet skal haldast løpande underretta om alle tilhøve - deriblant hendingar, planar og vedtak - som har vesentleg betydning for skulemiljøet. Råda og utvala har på førespurnad rett til å få framlagt dokumentasjon for det systematiske helse-, miljø- og tryggleiksarbeidet ved skolen.

Råda og utvala som er nemnde i første ledd, skal så tidleg som mogleg takast med i planlegginga og gjennomføringa av miljøtiltak ved den enkelte skolen, og har rett til å uttale seg og komme med framlegg i alle saker som har betydning for skulemiljøet.

Dersom skolen blir klar over tilhøve ved skulemiljøet som kan ha negativ verknad for helse til elevane, skal elevane og dei føresette snarast mogleg varslast om det.

Rutinar for å sikre at informasjon og varsling til dei ulike råda og utvala må innarbeidast i internkontrollsystemet ved skulen etter § 9a-4.